



## TILRETTELEGGING AV BARNEHAGETILBOD TIL BARN MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

**Barn med nedsett funksjonsevne skal ha moglegheit til å delta i barnehage til liks med andre barn. Barnehageloven sin § 2, tredje ledd, stiller krav til at barnehagen skal tilpasse tilbodet blant anna ut frå barnet sitt funksjonsnivå. Dette betyr at barnehageeigar har ansvar for å sjå til at også barn med nedsett funksjonsevne får eit barnehagetilbod i tråd med loven. Barnehageeigar sitt ansvar er likevel avgrensa til kva barnehagen kan gjere innanfor dei ordinære rammene.**

Kommunen skal sikre at barn med nedsett funksjonsevne får eit eigna, individuelt tilrettelagt barnehagetilbod. I Barnehageloven sin § 19 g - *Barn med nedsatt funksjonsevne*, er kommunen si plikt til å legge til rette barnehagetilbodet for barn med særskilte behov slått fast:

«Kommunen skal sikre at barn med nedsatt funksjonsevne får et egnet individuelt tilrettelagt barnehagetilbud. Plikten til tilrettelegging omfatter ikke tiltak som innebærer en uforholdsmessig byrde for kommunen. Ved vurderingen av om tilretteleggingen innebærer en uforholdsmessig byrde, skal det særlig legges vekt på tilretteleggingens effekt for å nedbygge funksjonshemmende barrierer, de nødvendige kostnadene ved tilretteleggingen og virksomhetens ressurser.

Kommunen fatter vedtak om tilrettelegging av barnehagetilbudet til barn med nedsatt funksjonsevne.»

Kommunen si tilretteleggingsplikt gjeld tiltak som er nødvendige for at barnet skal gjere seg nytte av barnehageplassen. Plikta gjeld barn med nedsett funksjonsevne som er busett i kommunen, og som har barnehageplass.

Kommunen kan i unntakstilfelle tilby eit barn plass i ein annan barnehage enn det den føresette ønskjer, dersom individuell tilrettelegging ved den føretrekte barnehagen er uforholdsmessig byrdefull for kommunen.

Det er foreldra som melder om behov for tilrettelegging av barnehagetilbodet til sitt barn. Barnehagen rettleiar foreldra i utfylling av søknaden. Kommunen v/rådmannen fattar vedtak om tilrettelegging av barnehagetilbodet. Avgjersla er eit einskildvedtak etter forvaltningslova, og foreldra har klagerett på vedtaket.

Klageinstans er Fylkesmannen, jf. ny § 9b